

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2411/98**av 3. november 1998****om godkjenning av nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten på motorvogner og tilhengarane deira ved trafikk innanfor Fellesskapet(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 75 nr. 1 bokstav d),

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Fellesskapet har vedteke ei rekkje tiltak for å sikre ein tilfredsstillande verkemåte for ein indre marknad som femner om eit område utan indre grenser, der det er sikra fritt varebyte og fri rørsle for personar, tenester og kapital i samsvar med føresegnene i traktaten.
- 2) Fleire av medlemsstatane er part i Wien-konvensjonen av 1968 om vegtrafikk⁽⁴⁾, heretter kalla “konvensjonen”, der det i artikkel 37 er fastsett at det bak på alle motorvogner i internasjonal trafikk i tillegg til registreringsnummeret skal vere plassert eit nasjonalitetsmerke for den staten som dei er registrerte i.
- 3) Fellesskapet er ikkje part i konvensjonen, og nokre av dei medlemsstatane som er part i han, nyttar føresegnene i artikkel 37 i konvensjonen. Desse medlemsstatane krev at køyretøy frå andre medlemsstatar skal syne nasjonalitetsmerket slik det er fastsett i vedlegg 3 til konvensjonen. Nokre av desse medlemsstatane

godkjenner ikkje andre nasjonalitetsmerke, t.d. dei som finst på kjennemerka, som sjølv om dei syner registreringsstaten til køyretøyet, ikkje er i samsvar med vedlegg 3 til konvensjonen.

- 4) Fleire medlemsstatar har innført ein modell for kjennemerke som lengst til venstre syner ei blå flate med tolv gule stjerner som i det europeiske flagget, og som elles syner nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten. Når det gjeld transport innanfor Fellesskapet, stettar dette nasjonalitetsmerket kravet om identifikasjon av registreringsstaten slik det er fastsett i artikkel 37 i konvensjonen.
- 5) Dei medlemsstatane som krev at køyretøy frå andre medlemsstatar syner nasjonalitetsmerket til registreringsstaten, bør òg godkjenne det merket som er fastsett i vedlegget til denne forordninga —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Denne forordninga skal nyttast på køyretøy som er registrerte i medlemsstatane, og som vert køyrde innanfor Fellesskapet.

Artikkel 2

I denne forordninga tyder

- 1) “nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten” ein samansetnad av ein til tre store, latinske bokstavar som syner kva for ein medlemsstat køyretøyet er registrert i,
- 2) “køyretøy” alle motorvogner og tilhengarane deira slik det er definert i:
 - rådsdirektiv 70/156/EØF av 6. februar 1970 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjenning av motorvogner og deres tilhengere⁽⁵⁾,

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 299, 10.11.1998, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 85/1999 av 25. juni 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF C 290 av 24.9.1997, s. 25, og TEF C 159 av 26.5.1998, s. 16.

(2) TEF C 95 av 30.3.1998, s. 32.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 19. februar 1998 (TEF C 80 av 16.3.1998, s. 210), felles haldning frå Rådet av 5. juni 1998 (TEF C 227 av 20.7.1998, s. 31) og europaparlamentsavgjerd av 7. oktober 1998 (enno ikkje offentliggjord i TEF).

(4) Konvensjonen utferda i Wien 8. november 1968, innan ramma av Den økonomiske kommisjonen for Europa til Dei sameinte nasjonane.

(5) TEF L 42 av 23.2.1970, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 97/27/EF (TEF L 233 av 25.8.1997, s. 1).

— rådsdirektiv 92/61/EØF av 30. juni 1992 om typegodkjenning av motorvogner med to eller tre hjul⁽¹⁾.

Artikkel 3

Medlemsstatar som krev at køyretøy som er registrerte i ein annan medlemsstat, skal syne eit nasjonalitetsmerke når dei vert køyrde på deira territorium, skal i samsvar med vedlegget til dette direktivet godkjenne nasionali-

tetsmerket til registreringsstaten slik det er plassert lengst til venstre på kjennemerket, som jamgodt med alle andre nasjonalitetsmerke som dei godkjenner for å identifisere registreringsstaten til køyretøyet.

Artikkel 4

Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. november 1998.

For Rådet

B. PRAMMER

Formann

⁽¹⁾ TEF L 225 av 10.8.1992, s. 72. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.

VEDLEGG

**FØRESEGNER OM PLASSERING AV NASJONALITETSMERKET TIL
REGISTRERINGSMEDLEMSSTATEN LENGST TIL VENSTRE PÅ KJENNEMERKET**

MODELL 1 (døme)

**Fargar:**

- 1) Lysreflekterande blå bakgrunn (Munsell-referanse 5,9 pb 3,4/1 5,1)
- 2) Tolv lysreflekterande gule stjerner
- 3) Nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten i lysreflekterande kvit eller gul farge

Utforming og dimensjonar:

- 1) Blå bakgrunn:

høgde = minst 98 mm

breidd = minst 40 mm, høgst 50 mm

- 2) Tolv stjerner som skal plasserast slik at midtpunktet deira ligg på ein sirkel med ein radius på 15 mm; avstanden mellom to motstående spissar i den same stjerna = 4-5 mm

MODELL 2 (døme)



- 3) Nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten:

høgde = minst 20 mm

strekthjukkelleik = 4-5 mm

Dersom dimensjonane til den blå bakgrunnen er vortne minska på kjennemerke som har registreringsnummeret over to linjer (sjå modell 2), og/eller på kjennemerka til motorvogner med to eller tre hjul, kan dimensjonane på stjernene og nasjonalitetsmerket til registreringsmedlemsstaten minskast tilsvarande.